

ALV-Møre og Romsdal er ein læringsarena for velferdsteknologi, drifta gjennom eit partnerskap mellom NTNU i Ålesund og 17 kommunar, mellom anna Skodje og Ørskog. ALV-Møre og Romsdal jobbar for «å bygge og dele kunnskap om velferdsteknologi gjennom samskaping mellom ulike samfunnsaktørar.» Om du ynskjer, finn du meir informasjon på nettsida:

<http://www.alv-moreogromsdal.no/>

Om du vil sjå korleis teknologien kan nyttast i praksis, kan du ved hjelp av lenka under få opp ein informativ artikkel og ein liten filmsnutt frå VG:

<http://www.vg.no/nyheter/innenrik.s/helse/kameraer-og-sensorer-skal-overvaake-demente/a/23807245/>

Denne brosjyra og utfyllande Informasjonen er lagt ut på kommunane sine heimesider /facebook, her er det enkelt å nytte lenka over. Gå inn på:

www.skodje.kommune.no

www.orskog.kommune.no



**Skodje kommune
og
Ørskog kommune**



Digitale tilsyn i Heimesjukepleien

Eit samarbeidsprosjekt

Arena for Læring om Velferdsteknologi (ALV) Møre og Romsdal
Norges tekniske og naturvitenskaplige universitet (NTNU) i Ålesund

Med prosjektmidler frå Fylkesmannen



Vil du vere med i utprøvinga, eller har du spørsmål , ta kontakt med:

Skodje kommune

Helen Østrem

70 24 40 96

helen.ostrem@skodje.kommune.no

Ørskog kommune

Kari Sjøholt

70 27 38 02

kari.sjoholt@orskog.kommune.no

Vil DU vere med?

Prosjektleder: Helen Østrem, Skodje kommune

Ansvarleg Ørskog kommune: Kari Sjøholt

Ansvarleg ALV Møre og Romsdal: Bjarne Pareliussen

Ansvarleg NTNU: Sven Inge Molnes

Kvifor velferdsteknologi?

Velferdsteknologi er eit nasjonalt satsingsområde, der målet er å gi auka tryggleik, betre mestring og/eller større fridom for den einskilde tenestemottakar. Dette er eit av tiltaka som vert sett i verk for å møte utfordringane som helse- og omsorgssektoren vil oppleve dei næraste åra. Utfordringane er mellom anna:

- Auke i talet på tenestemottakarar
- Mindre tilgang på helsepersonell
- Auka krav til kommunehelsetenesta
- Større del av tenestemottakarar med store hjelpebehov

Teknologien er eit av fleire tiltak som kan bidra til auka kvalitet i tenesta gjennom betre tilpassing til den einskilde.

Prosjektet

Det er viktig for oss å samle erfaringar på korleis og i kva samanhengar brukar, pårørande og tenesteytar kan ha nytte av teknologien. For å lukkast med dette ønskjer vi kontakt med brukarar og pårørande som ønsker å bidra.

NTNU er med som forskingspartner i prosjektet, og vil i etterkant skrive rapport om erfaringane til dei tilsette.

Digitalt tilsyn

Velferdsteknologi for digitale tilsyn har mange ulike løysingar. Eit viktig poeng er at løysingane er enkle og ikkje krev omfattande opplæring.

Løysingane kan vere slik at brukaren sjølv kan varsle når det er behov for hjelp, eller det utløysast automatisk varsling når noko skjer.

Nokre få eksempel på løysingar er:

- **Sensor i seng.** Varslar dersom nokon står opp og ikkje kjem tilbake til senga innan ei viss tid.
- **Medisindosett.** Varslar brukaren om å ta medisin. Dersom medisin ikkje vert tatt, går til varsel til pårørande eller heimesjukepleia. Brukar vil med dette stå friare, og sleppe å vente på hjelp.
- **Tryggleiksalarm med GPS og moglegheit til talekommunikasjon**
Turglade kan gå på tur i forvissing om at dersom ein ikkje kjem seg heim, vil ein få tak i hjelp. Pårørande (evt. heimetenestene) kan finne ut kvar ein er ved hjelp av sporing. Ein slik alarm kan og varsle dersom brukaren bevegar seg utanfor eit førehandsdefinert område.
- **Ulike kamera.** Helsepersonell logger seg inn til avtalt tid. Unngår å vekke brukaren unødig ved å gå ut/inn frå soverom. Helsepersonell kan og logge seg inn ved utløyst alarm, få overblikk over situasjonen og slik sende rett hjelp raskt. Kameraet kan vere av ein type som berre viser omriss- eller skuggebileter av brukaren.
- **Videokommunikasjon** På denne måten kan brukar kommunisere både med pårørande og helsepersonell.
- **Varsling ved fall** Automatisk varsling ved fall sikrar at fallet vert oppdaga sjølv om brukaren ikkje greier å varsle sjølv.

Bruk av utstyr til digitale tilsyn krev samtykke. Det er viktig med god dialog mellom brukar, pårørande og tenesteytar.

Tidleg opplæring gjev best nytte

For å få mest mogleg utbytte av velferdsteknologi, er det viktig å starte med teknologi så snart ein ser eit behov. Behova kan skuldast tap av funksjon på ulike områder, både fysisk, psykisk og sosialt. Erfaring viser at tidleg opplæring i teknologien aukar sjansen for å meistre kvardagen lenger enn ein i utgangspunktet kunne forvente.